

## Saksframlegg

Sakshandsamar:	Kommunedirektør	Berit Karin Rystad	
Avgjerslemynde:		Arkivnr.:	22/463

### Kartlegging - Energiforbruk i Fedje kommune sine bygg

Rapport

#### Saksopplysningar

Kommunestyret handsama sak om energieffektivisering i bygg den 15.12.23 (sak nr 058722).

Det vart mellom anna vedteke:

«*Fedje kommune etablerer eit ENØK fond på kr 500 000,- i 2023»*

Vi har no fått fram ein rapport som har kartlagt energiforbruk i kommunen sine bygg og kva tiltak som kan gjerast på kort og lengre sikt for å få ned energiforbruket og straumkostnadane.

Rapporten er lagt ved saka til orientering

#### Vurdering

Rapporten frå ENTRO AS gir ein god oversikt over energibruk i kommunen sine bygg og kjem med små og større tiltak for å få ned forbruk og kostnadar. Nokre av tiltaka vil ikkje koste pengar, men handlar om korleis vi forvaltar bygga. Desse tiltaka vil vi sette i gang gjennom hausten. Dei skal være gjennomført innan 31.12.23.

Vi vil bruke ENØK fondet til å finansiere tiltak som kostar pengar. Vi vil då starte med «dei lågt hengjande frukt», det vil seie dei som gir mest utteljing økonomisk i fht investeringskostnad. Det kan f eks være å skifte ut gamle vindauge og gjere tiltak i fht svømmebasseng og vasstank for varmt vatn.

Rapporten skisserer og moglegheita for å etablere solcelleanlegg på kommunale tak, med prioritieringsliste (størst effekt i fht investering). Kommunedirektøren vil fremje investeringssak i handsaming av budsjett for 2024 med forslag til investering i solcelleanlegg. I utgangspunktet vil eit solcelleanlegg på taket på «nye» skulen, som kan brukast til oppvarming av basseng, være veldig interessant å vurdere.

Folkehelse

Ikkje relevant

Miljø

Energisparing er eit viktig miljøtiltak

Økonomi

Det ligg stor økonomisk gevinst i å gjere ENØK tiltak på kommunen sine bygg. Spesielt ved høge prisar på straum. Kommunen har ikkje lenger avtale om fast pris på straum (det var ikkje mogleg å få til ein god avtale etter at den førre gjekk ut den 31.12.23).

**Konklusjon**

Kommunedirektøren er nøgd med å få fram fakta knytt til energisparing, og vil setje i gang tiltak for å spare straum hausten 2023 ved bruk av kommunen sitt ENØK fond.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret tek rapporten til vitande

**Ikkje vedlagte saksdokument:**

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost